

Velkomen til den 30. Romjulscupen 2019



Fredag 27. desember - Søndag 29. desember inviterer Bulken igjen til romjulscup i Voss Idrettshall. Me har i år arrangert cupen i 30 år !

Romjulscup i innandørsfotball har følgjande klassar:

- A/B Herrar - senior og juniorfotball
- C Damer - senior og juniorfotball
- D Herrar mosjon
- E Damer mosjon
- F Gutar fødd 2004/2005
- G Jenter fødd 2004/2005
- H Smågutar fødd 2006/2007
- I Småjenter fødd 2006/2007

A/B- og C-klassen er for spelarar i divisjonsfotball i 2018. Etter innleiande kampar i A/B-klassen går 8 lag til A ? sluttspel og 8 lag til B ? sluttspel (med atterhald om nok påmld).

Bedriftsidrettslag, venegjengar og andre vert invitert til å melde seg på i klassane herrar og damer mosjon. Laga må sjølve ved påmelding markera kva klasse ein ynskjer å delta i. Arrangøren tek likevel atterhald om å kunna gjera endeleg rangering av laga.

I klassane F, G, H og I, ope Vossameisterskap i innandørsfotball, kan kvar klubb kan melde på så mange lag dei vil i kvar klasse.

Speleprogram

Med atterhald om påmelding, tek vi sikte på at kvart einskild lag skal få mist 3 kampar. Vossameisterskapen (klassane F, G, H og I) vert avvikla 3 joledag. Mosjonsklassane og klasse C vert avvikla 4. joledag. Dersom stor påmelding i klasse C Damer blir det A og B sluttspel. Dersom stor påmelding i A/B-klassen vert det innleiande kampar 4. joladag. Speleprogrammet vert annonsert på www.bulkenil.no i god tid før jol. Ver difor nøye med å halde fristen (10 des).

Påmeldingsavgift

Betalast til Bulken IL sin konto. Påmeldingsavgifta må vere betalt før første kamp.

- A, B, C, D, E: kr 1500, - per lag
- F, G, H, I: kr 1000, - per lag

Speletid

Klasse A, B, C, D og E: 1 x 18 min utan pause.

Klasse F, G, H, I: 1 x 13 min utan pause.

Spelarar pr. lag

Klassane A, B, C, D og E: Keeper + 4 utespelarar.

Klassane F, G, H, I: Keeper + 4 utespelarar

Det er lov å nytta så mange innbytarar ein vil i kvar kamp. Flygande innbyte.

Reglar

Dommarar vil bli sett opp av arrangør. Turneringa vil bli spelt i samsvar med Norges Fotballforbunds reglar for innandørsfotball. Det blir nedsett ein jury samansett av turneringsleiar + 2 frå andre lag.

Puljer

Laga vil i størst mogeleg utstrekning verta fordelt på puljer à 4 lag som spelar enkel serie. Dei to beste laga vil gå til sluttspellet som vil verta spela som cup.

Utstyr

Arrangøren held ballar. Når det gjeld drakter ber vi om at kvart lag syter for å ta med to draktsett i ulike fargar. NB! Berre joggesko med lys såle kan nyttast i hallen. Spelarar med vanlege fotballscho eller sko med mørk såle vil såleis ikkje få høve til å spela. Spelarar utan leggskinn får ikkje spela.

Premiering

Premiering til vinnar av kvar klasse. Beste keeper, beste spelar og toppscorar i klassane A, B og C. Beste spelar og toppscorar i klassane D, E, F, G, H og I.

Påmelding

Påmelding innan 10.desember. Lag som ikkje har betalt får ikkje spela. Opplysningar om turneringa, påmelding etc. får du av turneringsleiar Frode Tufte på 91118110

Velkomen til Romjulscup!

Med helsing Bulken IL - Fotball

